



Arkivsaknr: 2025/5407-1
Sakshandsamar: Inger Marie Jordal
Avdeling: Egedomsforvaltning

SAKSFRAMLEGG

Tiltaksplan investering vatn og avløp 2025-2034

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtar revidert tiltaksplan for vatn og avløp 2025-2034. Planen skal innarbeidast i økonomiplan investering 2026-2029.»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Revisjon av tiltaksplan investering vatn og avløp.

I samband med behandling av økonomiplan investering 2025-2028 i PS 149/24 vart det vedteke følgjande i kommunestyret:

Vatn og avlaup: Kommunestyret ber kommunedirektøren fortsetja arbeidet med å redusera investeringsbudsjettet på vatn- og avlaupsprosjekt i Alver kommune.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Temaplan for vatn, avløp og vassmiljø vart vedteke i PS-sak 62/2024. Planen er det overordna styringsdokumentet for Alver kommune for arbeidet innan vass- og avløpssektoren i heile kommunen. Planen skildrar status, mål, strategiar og tiltak for

planperioden. Tiltaka som gjeld investeringsprosjekt går fram av ein eigen tiltaksplan som er ein del av temaplanen. Denne saka omhandlar tiltaksplan for investering vatn og avløp (VA).

Vurdering

Kommunestyret har bedt kommunedirektøren redusere investeringsbudsjettet innenfor VA-sektoren. Utfordringa med å redusere budsjettet er at mange av investeringsprosjekta dei næraste åra må gjennomførast for å overføre avløp frå Alversund-Knarvik til nytt hovudreinseanlegg KNARA på Kvassneset. Inkludert bygging av hovudreinseanlegget gjeld dette tilsaman 6 ulike prosjekt til ca. 525 mill. kr. Her har ikkje kommunen noko handlingsrom ettersom vi er pålagt å oppfylle krava i forurensingsforskrifta og vilkåra satt i utsleppsløyve frå Statsforvaltaren.

Vidare er det fleire prosjekt som må gjerast parallelt med prosjekta i Nordhordlandspakken. Da må kommunen forhalde seg til fylket sin framdrift. Dette gjeld 4 ulike prosjekt for ca. 290 mill. kr.

Kommunedirektøren vurderer at handlingsrommet først og fremst er knytt til dei store investeringsprosjekta for etablering av ny ringleidning frå Mongstad – Austrheim – Radøy. Dette er prosjekt 34160 Ringleidning Nord og prosjekt 34161 Vidareføring ringleidning Radøy. Desse prosjekta har ein investeringskostnad på ca. 400 mill. kr. Formålet er å gje reservevassforsyning til Radøy og til Austrheim kommune. Bygging av ringleidning er den optimale løysinga som sikrar toveisforsyning av vatn slik at kommunen ved eit evt. brot på leidninga kan levere vatn frå motsett side. Utfordringa er at det er svært dyrt å etablere ringleidningar.

Ved nærare vurdering ser kommunedirektøren at reservevatn til Radøy kan løysast på ein mindre omfattande måte ved å oppdimensjonere leidningsanlegget opp mot Olsvoll Høgdebasseng slik at vatnet kan leverast med høgare trykk opp til høgdebassenget. Frå høgdebassenget kan det leverast tilstrekkeleg vatn vidare utover Radøy. Denne løysinga krev eit tilleggssfinansiering av prosjekt 34162 Austmarka – trykkauke mot Olsvoll på 9 mill. kr, men gjer at kommunen kan redusere kraftig i investering i dei store ringleidningsprosjekta. Innsparinga er estimert til 310 mill. kr. Det vil fortsatt være nødvendig å bygge eit nytt høgdebasseng på Radøy samt bygge delar av ringleidning nord rett over kommunegrensa til Austrheim.

Leidninga til Austrheim vil vere ein spleiselag mellom Alver og Austrheim kommune, men kostnadsdelinga er førebels ikkje avklart. Dette inneberer at den faktiske kostnaden for Alver kommune på prosjekt 34160 Ringleidning nord vil bli lågare enn det som går fram av tiltaksplanen. Prosjektet ligg inne med gjennomføring i slutten av økonomiplanperioden, og kostnader vil bli korrigert så snart kostnadsdelinga mellom kommunane er avklart.

For å redusere investeringsbudsjettet ytterlegare er det også foreslått å flytte fire andre VA-prosjekt ut av planperioden.

- Vassleidning Vikebø-Skurtveit-Sætrevik (få abonnentar)
- Vassleidning Kløve-Veland. (kostbart prosjekt med få abonnenter)
- VA-anlegg Fyllingsnes (avventar utbygging)
- Avløpsanlegg Rikstadvågen (avventar utbygging)

Desse prosjekta er vurdert som mindre kritiske og er til dels avhengig av at private utbyggarar kjem i gang med sine prosjekt.

Alle prosjekta er nærare skildra i vedlegg 2. Vi gjer merksam på at det i kolonnen «Status/endringar» er skildra det som er nytt sidan vedtak av sak 149/24 *økonomiplan investering 2025-2028*, ikkje alle endringar sidan Temaplan for VA vart godkjent i sak 62/2024.

I vedlegg 1 er forslag til ny tiltaksplan for 2025-2034.

Alternativ


Som skildra tidlegare i saka er handlingsrommet for ytterlegare innsparingar avgrensa grunna at kommunen er pålagt å oppfylle krava i forurensingsforskrifta og vilkåra satt i utsleppsløyve frå Statsforvaltaren. I tillegg må vi bygge fleire VA-anlegg samtidig med at fylkesvegane som skal gjennomførast som ein del av Nordhordlandspakken.

Kommunedirektøren vurderer at det ikkje er ønskeleg å redusere ytterlegare i investeringane på noverande tidspunkt. Temaplanen for vatn og avløp vart vedteke i 2024 og bør reviderast jamleg. Det bør gjerast kontinuerlege vurderingar for å holde investeringskostnadene nede. Når det gjeld nye reinsekrav ved innføring av EU-direktiv er desse ikkje venta å tre i kraft i denne tiltaksplanperioden (2025-2034) og må difor innarbeidast når regelverket blir oppdatert.

Økonomiske konsekvensar

I framlegget til ny tiltaksplan er netto innsparing i investeringar berekna til ca. 383 mill. kr dei neste 10 åra. Investeringar i heile planperioden er berekna til ca. 1760 mill. kr.

Figuren under viser at investeringane i 2026-2027 er spesielt høge, ca. 350 mill. kr pr år. Hovudårsaka er alle prosjekta som må gjennomførast i samband med KNARA og tilhøyrande overføringsleidningar for å oppfylle utsleppsløyve til Statforvaltaren. Frå og med 2028 er investeringane planlagt å ligge på eit langt lågare nivå, rundt 100-150 mill. kr pr år.



Det reduserte investeringsnivået er berekna å gje ein reduksjon i dei samla gebyra for vatn og avløp på ca. 2000 kr eks mva i årlege gebyr i 10 års perioden sett opp mot vedtatt temaplan i 2024. Reduksjon i gebyra vil hovudsakleg inntreffe i siste halvdel av perioden.

Samtidig er det no planlagt større endringar av budsjett- og rekneskapsforskriften samt sjølvkostforskriften, som etter planen skal tre i kraft 1. januar 2026. Forslaget inneber endringar i avskrivingsreglane for fleire typar kommunale anlegg – særleg for leidningsnett innan vass- og avløpssektoren. Eit av hovudpunkta i forslaget er å auke den maksimale avskrivningstida for vass- og avløpsleidningar frå 40 til 80 år, i tråd med faktisk levetid. Dei foreslåtte endringane vil ha direkte konsekvensar for gebyrnivået og i praksis vil det føre til at gebyra kan settast ned ytterlegare viss avskrivningstida vert auka. Den faktiske avskrivningstida for Alver kommune sine anlegg er ein konkret vurdering, og er noko kommunedirektøren må kome tilbake til i budsjett- og økonomiplanarbeidet samt sak om gebyrregulativ.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren vurderer at forslag til ny tiltaksplan for vatn og avløp 2025-2034 balanserer behovet mellom økonomiske innsparingar og oppfylling av gjeldande lovkrav og løyver. Kommunedirektøren tilrår at tiltaksplanen blir vedteke og innarbeidd i økonomiplan investering 2026-2029.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 Revidert tiltaksplan VA 2025-2034
- 2 Vedlegg 2 Skildring og status prosjekt tiltaksplan VA 2025-2034